
Fra: Hans Inge Gloppen <Hans.Inge.Gloppen@hfk.no>
Sendt: onsdag 6. november 2019 13:06
Til: 'silje.sivertsen@stord.kommune.no'; Jostein Klette; Ole Jakob Aarland; Berit M Eskeland; 'omi@fusa.kommune.no'; 'Arnved Soldal Lund'; Jan Erik Boge; Kenneth.Tollefsen@sveio.kommune.no
Kopi: Stord kommune; Post Osterøy; Postmottak Lindås; Postmottak Meland; Jondal kommune; Postmottak Os kommune; Postmottak Samnanger; Mette Nora Sætre; Bård Sandal
Emne: Informasjon - og eit par spørsmål om breibandprosjekta 2019

Hei,

Innstillinga frå Hordaland fylkeskommune er no godkjent av Nkom. Det betyr at det er sett av tilskotsmidlar til følgjande prosjekt:

1. Stord kommune – 1.816.000 kroner
 2. Osterøy kommune – 2.000.000 kroner
 3. Lindås kommune – 2.700.000 kroner
 4. Meland kommune – 1.300.000 kroner
 5. Os kommune – 629.422 kroner
 6. Jondal kommune – 1.000.000 kroner
 7. Samnanger kommune – 900.000 kroner
-

8. Samarbeidsprosjekt Voss, Vik og Aurland – 800.000 kroner (ikkje fullfinansiert)

Som de er kjende med er det nytt for 2019 er at det skal vere ei samla utlysing av konkurransegrunnlag i fylket. Fylkeskommunen har ansvar for dette, men det vil skje i tett samarbeid med kommunane. Vi jobbar no med utforming av konkurransegrunnlag, avtalemål med meir. Vi vil legge ut ei rettleiande kunngjering, der vi varslar om at prosjekta vi har finansiering til vert planlagt lyst ut. I den forbindelse ynskjer vi også å varsle om ein dialogkonferanse vi planlegg 28.-29. januar i Førde. Føremålet med konferansen vil vere å drøfte framlegg til konkurransegrunnlag og avtalemål, klargjere framdrifta vidare, og gje naudsynt opplæring knytt til dømes til forhandlingar. Vi ser også føre oss å arrangere korte møter mellom kommunane og tilbydarane der ein kan drøfte og klargjere dei aktuelle prosjekta. Dersom det vert rom for det, ynskjer vi også å bruke litt tid på den nye ordninga frå 2020, samt anna fagleg kompetansepåfyll.

Vi ber dykk no gje innspel om:

- Dataane som er føreslått. Er de klare til møter med leverandørane?
- Ser de føre dykk at nokre av dykkar prosjekt kan slåast i hop med andre prosjekt, enten i eigen kommune eller nabokommune?

Dersom de har tilbakemeldingar er det fint om vi får dei seinast 12. november.

Vi vil framover ha ein dialog med dykk om å spesifisere prosjekta nærmare med tanke på konkurransegrunnlaget.

Berre ta kontakt dersom de har spørsmål eller innspel.

mvh

Hans Inge Gloppen
Spesialrådgjevar

Regionalavdelinga | Nærings- og lokalsamfunnsutvikling
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tlf: 97 41 40 40
www.hordaland.no